



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD **30.11.2023 kl. 16.00- kl. 18.00 i møterom på kyrjekontoret.**

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Liv Laugaland, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Leif Ole Terøy, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Aud Grimstad

Møtande varamedlemmar:

SAK 00/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding: Fellesrådet godkjenner den utsende innkallinga og saklista

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 32/23 ORIENTERINGAR

Kort orientering om arbeidet i fellesrådet:

- Avtroppande leiar Terje Thornquist visar til handbok for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd
- Kyrkjegardsdrifta som blei overtatt av kommunen 01.01.23 går veldig greitt.
- Informerer om Årsmelding 2022 og at det nye fellesrådet må laga ny årsmelding for 2023 som er basert på kyrkjeplanen og dei oppgåvene som er beskrive der og kva som er utført.

Kort presentasjon av dei tilsette i fellesrådet:

- Anne Berit Rinde Bjelland, kontor 100% stilling.
- Tonje Flatø Nessa, kyrkjelydspedagog 100% stilling med 40% permisjon til august 2024.
- Cathrine Sandhåland, prostesekretær 20%, administrasjonssekretær 30%, vikar i 30% for Tonje til administrativt arbeid med trusopplæring.
- Torill M. Seljeskog, 20% kyrkjetenar Hjelmeland, 20% diakonmedarbeidar, 10% administrasjon for sokneråda og sokneprest.
- Åsmund Thomsen, 15% kyrkjetenar Fister.
- John Leikvar Nessa, 15% kyrkjetenar Årdal.
- Bente Tednes Gjil, 3% kyrkjetenar i Jøsenfjorden.
- Mette Ingvaldstad, 100% kyrkjevevje.

-Arbeidsavtala til kyrkjevevje bør det nye fellesrådet setje seg inn i så snart som mogleg og leiar må ha tett kontakt med kyrkjevevje framover.

-Søknad til kommunen på driftsmidlar, investeringsmidlar og til Årdal gamle kyrkje. Fellesrådet har fått pengar frå Riksantikvaren og kommunen for å sikre den gamle kyrkja i Årdal.

Midlane er brukt til både sprinkleranlegg og brannvarslingsanlegg. Det pågår nå arbeid med å restaurere skifertaka. Det er behov for meir midlar til dette arbeidet. Det er søkt om 800 000,- frå kommunen og fått garanti for det, i tillegg til at me har fått tilsegn om 700 000,- ekstra frå Riksantikvaren. Arbeidet er planlagt å være ferdig neste sommar.

-Tilstandsrapport på kyrkjene er blitt laga i 2020.

-Statsrådsbesøk i oktober 2023 i Årdal gamle kyrkje. Kjersti Toppe seier det vil komme meir pengar til vedlikehald av kyrkjene framover.

-Det er to møter i året mellom kyrkjeleg fellesråd og kommune.

-Kommunens representant i fellesrådet kan fortelje at det er mange som bryr seg om kyrkja og det arbeidet som føregår her.

-Kyrkjeplanen 2021 - 2028 må nok reviderast i perioden.

-Viktig å setje seg inn i forskrift om kommunens ansvar i forhold til kyrkja etter ny kyrkelov trådte i kraft i 2020, Trossamfunnsloven.

-Økonomi er ein viktig oppgåve å arbeide med i fellesrådet.

-Verneplan for gravminne er sendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Vedtak: Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 33/23 KONSTITUERE OG VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR

Vedtak:

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd vel leiar Leif Ole Terøy og nestleiar Olav Frantzen.

Dei er valt frå 01.12.23 – 31.12.24.

SAK 34/23 VAL AV ARBEIDSUTVAL.

Vedtak:

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd vel leiar Leif Ole Terøy, nestleiar Olav Franzen, Magnhild Meltveit Kleppa som fast representant og vara er Margunn Helgøy til arbeidsutval 01.12.23 – 30.11.27

SAK 35/23 VAL AV ARBEIDSGJEVARREPRESENTANT TIL PARTSAMANSATT UTVAL

Vedtak:

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd vel leiar Leif Ole Terøy, nestleiar Aud Grimstad og fast representant Margunn Helgøy.

Første vara er Olav Frantzen, 2. vara er Liv Laugaland og 3. vara er Magnhild Meltveit Kleppa til partsamansatt utval 01.12.23 – 30.11.27.

SAK 36/23 VAL AV LØNS- OG FORHANDLINGSUTVAL

Vedtak:

Hjelmeland kyrkjeleg fellesråd vel Olav Frantzen og Magnhild Meltveit Kleppa til faste representantar og vara er Leif Ole Terøy til Løns- og forhandlingsutvalet 01.12.23 - 30.11.27.

SAK 37/23 MØTEPLAN 2024

Tilråding:

Forslag på følgjande møtedatoar i 2024 :

Torsdag 01. februar	Budsjett 2024, opningsord v/Leif Ole
Torsdag 14. mars	Rekneskap 2023, opningsord v/Asbjørg
Torsdag 30. mai	Innspel til Hjelmeland kommune budsjett 2025, opningsord v/Liv
Torsdag 05. sept.	Foreløpig budsjett og søknad om drifts- og investeringstilskot, opningsord v/ Margunn
Torsdag 17. oktober	opningsord v/ Magnhild
Torsdag 21. november	opningsord v/ Olav

Vedtak:

Møtedagar er godkjent, tidspunkt er flytta til kl. 15.30. Møtets varigheit er max. 2 timar. Måltid er klart 15 minuttar før møtet begynner.

Hjelmeland, 1. desember 2023

Leif Ole Terøy

Leiar

Mette Ingvaldstad

kyrkjeverje